

Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 Oslo

Dato	23.02.2023
Vår referanse	2023/882-14
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Thorbjørn Aarethun
E-post	Thorbjorn.Aarethun@vlfk.no
Telefon	92058252

Vestlandsrådet - høyringsuttale om ekspertutval sitt forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane

På møte i Vestlandsrådet, 7.februar 2023, fekk arbeidsutvalet til rådet fullmakt til å utforme uttale til ekspertutvalet sitt forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane. Arbeidsutvalet går inn for følgjande uttale;

Innleiande kommentarar

Vestlandsrådet meiner at forslag til nytt inntektssystem ikkje bidreg til utjamning av ufrivillige kostnadsforskjellar, og likeverdige og gode tenester til innbyggjarane.


Etterslepet i vegvedlikehald på fylkesvegane er formidabelt, og Vestlandsrådet minner om ambisjonen i Hurdalsplattforma om å redusere dette. Då må ein sørge for ei kraftig opptrapping av midlar til dette formålet, og ikkje berre omfordele mellom fylka.

Vestlandsrådet viser til at det har skjedd forholdsvis mange endringar i kostnadsnøkkelen dei seinare åra, sett i forhold til åra før 2015. Siste store gjennomgang var i 2020 i forbindelse med regionreforma, men det har også seinare skjedd mange endringar i kriteria for båt og ferje. Siste tilpassing var i 2022. Det er viktig at ikkje inntektssystemet blir ein destabiliserande faktor i økonomistyringa. Endringane bør i større grad avgrensast til det nødvendige for dei fylkeskommunar som skal delast.

Vestlandsrådet vil peike på at den langsiktige finansielle handleevna er forholdsvis svak i fleire av dei fylkeskommunane som får ein negativ fordelingsverknad som følge av ekspertutvalet sitt forslag. Dette kan først og fremst observerast gjennom gjeldsgraden. Det kan være tilfeldig og eit utslag av meir kortsiktige prioriteringar, men det kan også være ein indikasjon på at ekspertutvalet sitt forslag ikkje treff betre enn inntektssystem slik det er utforma i dag. Vestlandsrådet vil vise til at store endringar inneber usikkerheit, og ein finansiell analyse bør uansett ses på som eit moment i ein samla risikovurdering.

Kommentarar til endringar i kostnadsnøkkelen

Som kartet viser, er det stort sett kystfylka som taper på det nye forslaget til inntektssystem, med Finnmark som eit unntak. Årsakene til det er samansett, men felles for alle kystfylka som går med tap, er det nye kriteriet «Trenghetsfaktor» i kollektivnøkkelen. Trenghetsfaktor tek utgangspunkt i talet på innbyggjarar i tettstadar med over 50 000 innbyggjarar, men med ulik vekt etter kor store tettstadane er. Innbyggartalet i den største tettstaden (Oslo) tel 100 prosent, medan innbyggartalet i andre tettstadar får ein lågare vekt. Det nye inntektssystemet favoriserer i hovudsak Oslo og Akershus. Ein slik innretning på inntektssystemet til fylkeskommunane kan ikkje Vestlandsrådet støtte.



Vestlandsrådet meiner **metoden** som er brukt for å komme med anbefalt kriteriesett ikkje er forsvarleg. Vestlandsrådet støttar verken metoden som er brukt eller resultatane som kjem fram i regresjonsanalysen for å komme med anbefalte kriteriesett for utgiftsutjamninga.

Regresjonsanalyse basert på få observasjonar er ein ueigna metode for å berekne fordeling mellom fylker i Noreg. Eksempelvis gjer ekspertutvalet greie for to alternative modellar for kollektivtransport som begge har høg forklaringskraft, men som gir svært ulikt resultat. Det er ulogisk at to modellar som gir så ulikt resultat begge har høg forklaringskraft i dei statistiske analysane. Dette illustrerer kompleksiteten, den høge usikkerheita og risikoen for tilfeldige utslag, eit klart argument for å ikkje gå så drastisk til verks og skape så store omfordelingsverknader gjennom endringar i kostnadsnøkkelen.

Vestlandsrådet støttar ikkje forslag til endring i **kollektivnøkkelen**, med dei kriteriane som er foreslått, verken alternativ 1 eller 2, då ingen av kriteriane tar føre seg den kostnadsforskjellen som ligg i det å tilby kollektivtransport gjennom hurtigbåt kontra buss og bane. Kystfylka sin særlege geografi gjer at det er nødvendig at etablerte båtruter vert opprettheldt for å ha levedyktige samfunn på øyar utan fastlandsforbindelse og samtidig oppretthalde tidseffektive skole- og arbeidsreiser på tvers av fjordar og basseng. Eit eige kriterium for normerte båtkostnader (basert på nøktern standard og med rimelig vektning) er nødvendig for at dette skal være mogeleg.

Vestlandsrådet viser til at avstandskriteriet, som opphåver er utvikla for vidaregåande opplæring, gjev urimelege utslag for enkeltfylker når kriteriet vert nytta i kollektivnøkkelen.

Med helsing

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Thorbjørn Aarehun
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

